



Radøy kommune
Austrheim kommune


Dato: 25.03.2014
Vår ref.: 2014/14183-2
Sakshandsamar: Endre Korsøen
Telefon: 55 23 91 04

H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS org. nr. 938124426 og H-R-18 og H-KM-22 Lingalaks AS org. nr. 960900626 - Søknad om auka areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11665 Jibbersholmane i Radøy kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 19.03.2014 frå Skjærgårdsfisk AS/Lingalaks AS om endra areal for anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 11665 Jibbersholmane i Radøy kommune.

Lokalitet 11665 Jibbersholmane vart siste gong klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 2840 tonn den 11.01.2011. Løyve er gjeve til eit anlegg som består av rammefortøyning med plass til 8 merdar som er 120 meter i omkrets, samt ein føringsflåte. Noverande merdanlegg er klarert for omlag 44 dekar overflate areal.

Skjærgårdsfisk AS/Lingalaks AS søker no om å få klarert areal for utlegging av eit nytt anlegg. Det nye anlegget vil bestå av 8 merdar med ein omkrets på 160 meter. Auka storleik på plastringane krev også større fortøyningsramme. Omsøkt endring inneber at anlegget framleis vil innehalde to rekker, men rammene som ringane er festa i vil auke i storlek slik at kvar ring kjem lengre frå kvarandre. På grunn av dette vil samla overflate areal auke til omlag 80 dekar. Meste delen av omsøkt nytt areal vil kome mot nordvest. Anlegget må dreiaast noko mot nordvest for å få nok djupne under merdane til ny teknologi for nedlodding av not. Større ramme og dreiling av anlegget medfører og at det vert endringar i fortøyningsarrangementet.



Merdanlegget, forflåten og mesteparten av fortøyningsarrangementet ligg i Radøy kommune, medan fem fortøyningar/ankerfeste mot nordaust og ei fortøyning ankerfeste mot nordvest ligg i Austrheim kommune, sjå kart. Kvit ramme i kartet syner neverande anlegg si plassering. Søknaden vert og send på høyring til Austrheim kommune.

Posisjonen for fôrflåten vert ikkje endra frå neverande situasjon. Det vert ikkje søkt om endring i produksjonskapasiteten. For ytterlegare informasjon viser vi til søknaden.

Hordaland fylkeskommune ber om at Radøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med sokjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to avisar som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til sokjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Endre Korsøen, tlf.: 917 64 632 i Hordaland fylkeskommune.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.